

Radøy kommune

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
15/513 - 1 / RL / 013

Dato:
18.11.2015

Val av medlemmer til representantskapen i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2015-2019

Vi syner til selskapsavtalen for Interkommunalt arkiv i Hordaland samt IKS –lova og ber herved om at det vert valgt medlemmer til representantskapen for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS for den kommande kommunestyreperioden.

Vi gjer merksam Interkommunalt arkiv i Hordaland samt IKS, står framfor ein krevjande periode der mellom anna kommunesammanslåingar kan få store konsekvenser for organiseringa av selskapet samt kva tenestetilbod selskapet skal ha. Dette vil kunne innebære fleire tyngre saker og ein del meir møteverksemd enn tidligare.

Grunna at vi dei foregåande åra har opplevd at representantar ikkje møter ved innkalling samt at det ikkje er vald vara, ber vi om at ein vel ein representant og minst ein vara. Dette slik at vi slepp å arrangere ekstraordinære representantskapsmøter kvart år. Vi gjer merksam på bestemmelsane som seier at representantane skal være valgt av kommunestyre.

Vi ber vidare om at de snarast sender oss utskrift frå møtebok frå kommunestyre der det framgår kven som er vald. Vi ber og om kontaktinformasjon, som t.d. e-postadresser, til dei som vert valgt slik at vi kan sende informasjon og kopi av innkallingar m.v. direkte til desse. Om vi ikkje har / får denne kontaktinformasjonen vert all korrespondanse sendt til postmottak i den enkelte kommune. Kommunen lyt då sjølv syte for at korrespondansen når det enkelte medlem.

Dersom de har sendt utskrift frå møtebok, kan de sjå bort frå dette brevet.

Med venleg helsing

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.